

Årsmelding for 1947.

Idrottsåret 1947 har for laget i si heilheit vore eit godt år. Alle gruppene i laget melder om idrottsleg framgong. Om dei idrottslege resultat viser me til årsmeldingane frå dei einakilde gruppene. Me kan utan tvil slå fast at Osterøy har vunne seg eit namn som har god klang der idrettsfolk møtes. Fri-idrottsgruppa, handballgruppa, orienterings og fotballgruppa har vore med i 24 tevlingar ute og 17 heime. Ca 70 - 80 Idrettskvinn og menn har vore med i desse tevljingane. Skigruppa har ikkje sendt årsmeldinga me kan ikkje gjeva noko vist tal for heile laget.

Idrettsmerket : Det har vore lite interesse for idrettsmerket i laget. Det skulle vel gjerne vore drive meir propaganda for dette gode tiltaket. Berre 5 - 6 mann har teke merket i år, og som

Barn- og ungdomsidrotten : Det har i år ikkje vore skipa til nokon tevling for skuleborn, men det hartevingar for lagsfolk under 18 år.

Lekjargranskingi: Alle som har vore med i offentlege tevljingar har måtta synt fram lekjarkort. Distriktlekjaren har stude for granskingi, og laget har fått studnad til dette av staten gjennom Norges Idrettsforbund.

Administrasjon og organisasjon:

Det vidfelte området til laget er uvanlegt tungt å administrera. Organisasjon i laget har heller ikkje verka slik som tenkt. Dette kan delvis dei ymse gruppestyre vera skuld i, då kontakten mellom desse og hovudstyret ikkje alltid har vore god. Det heile skriv seg då mest frå at hovud og gruppestri har vore spreit over heile Osterøyi, slik at det har vore tungvint å koma saman, og det soleis gjerne har vortt lenge mellom kvar gong. Hovudstyret har hatt 2 møte, men heile styret har aldri vore samla på eingong. Årsmøtet bør ta lardom av dette og orna seg betre til neste år.

Økonomien :

Hovudstyret sette opp eit budsjet straks etter årsmøtet. Dette har ikkje halde fullt ut, då innkoma har vorte mindre enn venta.

På grunn av at gruppene har vore seime med å gjeva oppgåver til kasseraren, har det vore vant til ei kvar tid å ha full oversyn over økonomien. Ellers viser me til rekneskapen.

Tilstellingar:

Laget har hatt tilskipingar med dans for å skaffa pengar på desse stadarne: Solbjørg 3 gonger, Grønnskaret 2, Valestrand 1 og Mjeldalen 1.

Idrettsplassen: Overdragina til Haus kommune er enno ikkje erna.

Det er nokre hefte som kviler på plassen som må vekt. Planane for utbyggjing av plassen har det ikkje vore arbeidt med siste året. Vanskane kring idrettsplassen og overdragingi av denne til kommunen har gjort at hovudstyret har vore inne på tanken om det kanskje ikkje er rettast å annleggja ny idrettsplass på Hatland. Då det der er høveleg jordvidd som ligg langs hovudvegen, og like ved der som det er planar om å reisa det nye kulturhuset i bygd, og som idrettslaget ~~SK~~ skal vera med i. Folkebadet er det og meininga skal vera her.

Hovudstyret vil til slutt takka alle lagsfolk for godt og truge arbeid i laget dette året, og venar på framgang i 1948 under Norges Idrettsforbunds møte:

For fridom - sundheit - og kultur.

Lonevåg, 28. november 1947.

I hovudstyret for Ostersøy Idrettslag

Olav Espevoll
nestformann

Asbjørn Reigstad
formann

Ivar Reigstad
kasserar

Andrias Hartveit, Åsmund Hagebø Audfrid Solberg Karl Lone

Sjur Lone
skrivar

*Tidningsdag. Denne vart skjedd til sundag 8 junn
saman med Mjeldalen T.L. Det var friidrett
handballkamp og stafettløp mellom folkelagene.
Der var skinn løst og ein prinn fottballkamp
avlyst.*